ÅLESUND KOMMUNE

# Retningslinjer for tildeling av prisar i Ålesund kommune

## Kultur- og idrettsprisen

Kultur- og idrettsprisen skal tildelast den som gjer ein særleg innsats for å fremje kultur- og idrettsarbeid og gjere kultur tilgjengeleg for innbyggarane i kommunen.

Alle innbyggarar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar i Ålesund kommune kan foreslå kandidatar til prisen. Forslag på kandidatar må ha god grunngjeving.

**Kven kan motta prisen?**

Prisen kan tildelast ein person eller organisasjon.

For å kunne få tildelt prisen må vedkommande vere busett i Ålesund kommune eller ha særleg tilknytning til kommunen.

Mottakar av Kultur- og idrettsprisen får eit prisbeløp på kr 10.000,-, arbeid av lokal kunstnar til verdi rundt kr 4.000,- og eit diplom.

**Kven avgjer kven som skal få prisen**?

Komite for kultur og medborgarskap behandlar og tildeler prisen. Komiteen kan også velje kandidater som ikkje er foreslått av andre.

**Frist**

Frist for innsending av kandidatar til Kultur- og idrettsprisen er 1. september kvart år.

**Utdeling av prisen**

Kultur- og idrettsprisen blir delt ut på kommunestyret sitt desembermøte.

## Ungdommens kulturpris

Ungdommens kulturpris skal tildelast som motivasjonsfaktor og påskjønning til den som har utmerka seg gjennom kulturell utfalding eller skapande verksemd.

Alle innbyggarar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar kan foreslå kandidatar til prisen. Forslag på kandidatar må ha god grunngjeving.

**Kven kan motta prisen?**

Ungdommens kulturpris kan tildelast enkeltpersoner 14-25 år, eller grupper av ungdom i denne alderen.

For å kunne få tildelt prisen må vedkommande vere busett i Ålesund kommune eller ha særleg tilknytning til kommunen.

Mottakar av Ungdommens kulturpris får eit prisbeløp på kr 10.000,-, arbeid av lokal kunstnar til verdi rundt kr 4.000,- og eit diplom.

**Kven avgjer kven som skal få prisen**?

Ungdomsrådet behandlar og tildeler prisen. Rådet kan også velje kandidater som ikkje er foreslått av andre.

**Frist**

Frist for innsending av kandidatar til Ungdommens kulturpris er 1. september kvart år.

**Utdeling av prisen**

Ungdommens kulturpris blir delt ut på kommunestyret sitt desembermøte.

## Kunstnarprisen

Ålesund kommune sin kunstnarpris skal tildelast kunstnarar på høgt nivå eller særleg talentfulle unge kunstnarar.

Alle innbyggarar, organisasjonar og institusjonar i Ålesund kommune kan fremje forslag om kandidater til prisen. Forslag på kandidatar må ha god grunngjeving.

**Kven kan motta prisen?**

Kunstnarprisen kan tildelast biletkunstnarar, brukskunstnarar, filmkunstnarar, forfattarar, komponistar, scenekunstnarar, tonekunstnarar og andre som tilfredsstiller kunstnariske krav.

For å kunne få tildelt prisen må vedkommande vere busett i Ålesund kommune eller ha særleg tilknytning til kommunen.

Mottakar av Kunstnarprisen får eit prisbeløp på kr 10.000,-, arbeid av lokal kunstnar til verdi rundt kr 4.000,- og eit diplom.

**Kven avgjer kven som skal få prisen**?

Komite for kultur og medborgarskap behandlar og tildeler prisen. Komiteen kan også velje kandidater som ikkje er foreslått av andre.

**Frist**

Frist for innsending av kandidatar til kunstnarprisen er 1. september kvart år.

**Utdeling av prisen**

Kunstnarprisen blir delt ut på kommunestyret sitt desembermøte.

## Ålesund kommune sin heiderspris

Heidersprisen skal tildelast som heider for betydningsfull, samfunnsnyttig innsats for innbyggarar i Ålesund kommune.

Prisen er ei påskjønning for utført arbeid, og som kan vere ei oppmuntring til å halde fram det gode arbeidet.

Alle innbyggarar, organisasjonar og institusjonar i Ålesund kommune kan fremje forslag om kandidater til prisen. Forslag på kandidatar må ha god grunngjeving.

**Kven kan motta prisen?**

Heidersprisen kan tildelast enkeltpersonar, grupper av personar, lag eller organisasjonar.

Den kan ikkje tildelast offentlege institusjonar eller landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar.

For å kunne få tildelt prisen må vedkommande vere busett i Ålesund kommune eller ha særleg tilknytning til kommunen.

Mottakar av Heidersprisen får eit prisbeløp på kr 10.000,-, arbeid av lokal kunstnar til verdi rundt kr 4.000,- og eit diplom.

**Kven avgjer kven som skal få prisen**?

Kvart kommunedelsutval har ansvar for å få nominert ein kandidat frå kvar kommunedel. Kommunedelsutvala kan også velje kandidater som ikkje er foreslått av andre.

Formannskapet vel ut ein vinnar og tildeler prisen.

**Frist**

Frist for innsending av kandidatar til Heidersprisen er 1. september kvart år.

**Utdeling av prisen**

Heidersprisen blir delt ut på kommunestyret sitt desembermøte.

## Miljøprisen

Miljøprisen skal tildelast for særskild innsats for berekraftig miljø, her under klima- og energitiltak.

Alle innbyggarar, organisasjonar og institusjonar i Ålesund kommune kan fremje forslag om kandidater til prisen.

I grunngjevinga bør det forklarast korleis den nominerte har betra det fysiske miljøet og/eller redusert klimagassutslepp.

**Kven kan motta prisen?**

Prisen kan delast ut til enkeltpersonar, organisasjonar, barnehagar, skular og offentlege og private verksemder/bedrifter som har utmerka seg på miljøområdet, og som bidrar til at Ålesund kommune når klima- og miljømåla fram mot 2030.

Mottakar av Miljøprisen får eit prisbeløp på kr 10.000,-, arbeid av lokal kunstnar til verdi rundt kr 4.000,- og eit diplom.

**Kven avgjer kven som skal få prisen**?

Komite for teknisk, miljø og samferdsel behandlar og tildeler prisen. Utvalet kan også velje kandidater som ikkje er foreslått av andre.

**Frist**

Frist for innsending av kandidatar til Miljøprisen er 1. september kvart år.

**Utdeling av prisen**

Miljøprisen blir delt ut på kommunestyret sitt desembermøte.

## Ambassadørprisen

Ambassadørprisen skal tildelast ein person som på særleg vis utmerkar seg både nasjonalt og internasjonalt, og som er ein spesielt god ambassadør for kommunen.

Denne utmerkinga blir kalla ambassadør av Ålesund. Ansvar for nominasjon og tildeling ligg hos ordførar og kultursjef.

Mottakar av ambassadørprisen får eit litografi av lokal kunstnar til verdi på kr 5 000.- og ei ålesundsnål. Prisen blir tildelt under ein lunsj med ordførar og kultursjef.

Denne utmerkinga er meint å skulle henge særs høgt, og blir ikkje tildelt årleg, men berre når aktuell kandidat ligg føre.

ÅLESUND KOMMUNE

# *Byggeskikkprisen i Ålesund kommune*
*(vedtak i kommunestyret 24.06.2021)*

Planutvalget oppnevnes som prisutvalg for byggeskikksprisen.

## *Statutter*

§1 Byggeskikkprisen, er en hedersbevisning for å motivere til og å påskjønne arbeidet med å bedre byggeskikken i kommunen.

§ 2 Byggeskikkprisen kan tildeles huseiere og byggherrer for deres arbeid med nybygg, tilbygg, uteanlegg eller rehabilitering. Byggeprosjekt må utmerke seg med god arkitektur, på en fortjenestefull måte være tilpasset omkringliggende bygningsmiljø, eller vise respekt for lokal byggeskikk, håndverkertradisjon og verdier i landskapet.
Prosjektet må være fullført i løpet av de siste 10 årene før tildelingstidspunktet.

§ 3 Byggeskikkprisen skal primært tildeles hvert år. Den består av en plakett med innskrift, beregnet for å feste til bygget, og et kunstnerisk diplom.

§ 4 Forslag om tildeling av byggeskikkprisen kan fremmes av privatpersoner, organisasjoner og institusjoner. Frist for innsending av kandidater er 1. september hvert år.

§ 5 På bakgrunn av mottatte forslag avgjør planutvalget om og til hvem byggeskikkprisen skal tildeles. Utvalget fatter vedtak etter eget skjønn. Utvalget kan komme med egne begrunnede forslag. Det kan søkes fagkyndig bistand før vedtaket fattes.

§ 6 Ålesund kommunes byggeskikkpris overrekkes av ordføreren under kommunestyrets siste møte for året. Leder for planutvalget grunngir valg av prismottaker. Etter seremonien inviteres prisvinneren til å delta i en middag sammen med kommunestyrets medlemmer.